

## Minneloge 2017

I det spelet me kallar livet, er det eitt kort alle får utdelt, og det er ikkje ein joker, men ein svarteper med ljå på nakken. Nokre trur kanskje dei skal klara å kvitta seg med han, andre prøver å gøyma han blant dei andre korta, mens etter andre tenkjer at dei er så dyktige til å spela at taparstempelet og den sota nasa ligg så langt framme at det ikkje er noko å ta omsyn til. Likevel, alle blir svarteper til slutt, nokre ganske tidleg, andre held spelet i gong svært lenge.

Men er døden eigentleg berre svarteper? Faktisk er haldningane til døden mange og ulike. Felles for skildringa er bruk av bilet. Og kven er meir kompetente med bilet enn diktarane våre. La oss høyra korleis nokre av dei ser på «den siste fiende». Hans Børli seier det slik:

Døden er ikke slik:  
En knokkelmann  
som kveler ditt siste, ville skrik  
med heslig hand.

Døden er ikke angst og ljå  
og djevlekrav,  
ikke måneskygger  
rundt ei ribbet grav.

Nei, døden er fjell  
som løfter sin svale snø  
over vegen du drar.  
Der skal du stå den siste kveld,  
og se i skjær av solfalls-eld  
hvor vakkertlivet var.

Slik du en høstdag inni tømmerliene  
forlater et bål  
som ennå brenner - slik du  
tar redskapen din og går  
bort i skodda og stillheten  
mens skjæret fra bålet du tente  
famler over stammene bak deg,  
over ansiktene til dem som  
ble sittende att i lysringen -  
Slik  
skulle jeg ville bryte opp  
fra dette livet.

Kolbein Falkeid sin korte kommentar til dødens realitet er heller ikkje særleg negativ:

Døden er ikke så skremmende som før.

Folk jeg var glad i

har gått foran og kvistet løype.

De var skogskarer og fjellvante.

Jeg finner nok frem.

Tove Lie har og eit positivt syn på utgangen av livet.

Tiden er en slags feber.

En dag er den over,  
vi våkner forfrisket og seende. Ja, en feber,  
en sykdom er tiden.

En dag ser vi ansikt til ansikt,  
febertåkene vil vike,  
ved tidens og tiders opphør finner vi klarhet.  
En dag. Snart.

Og Øverland:

En vår skal endog det fattigste hjerte eie.  
En stjerne skal våke over de mørkeste veie.  
En drøm skal senke sig over det usleste leie.

Det venter oss alle bak øde år  
en time av nådig smerte.  
O, hvad vi hører og ser og forstår  
ved cellens ensomme kjerte,  
når englen Sorg over jorden går!

Og engang kommer den hellige natt,  
da evighetens sordiner  
forvandler den bitreste kval du har hatt  
til hundrede fioliner.

Tanken på at døden gir inspirasjon til og perspektiv på livet, er mange diktarar opptekne av. Åse Marie Nesse ser slik på det:

Ingen kan klare å tenke på  
Døden hele tiden.  
Livet trenger seg på med sitt  
veldige nærvær  
fyller lungene med luft  
og hendene med daglige småting  
skjønnheten lister seg inn  
i sansene, fra alle kanter  
med ufattelig sprengkraft.

Jeg har ingen bønn på  
leppene lenger, jeg sier bare takk for mitt liv.

Om eg visste eg skulle døy i morgen, ville eg likevel planta eit tre i dag, seier Luther.

Haldis Moren Vesaas har noko av det same perspektivet

Bygg ditt dødsskip!" ropte D.H. Lawrence.  
Ja visst, det skipet kan nok trengast om litt.  
Men viktig er det óg å bygge sitt livshus.  
Du har fått bygt i nesten all di tid på ditt.

Tidleg om morgonen kom du  
til teigen som gjøymde i si jord  
dei steinane du skulle hente og gi form  
og bygge av. Dine steinar heitte ord.

Gleda ved å bygge, og kjærleiken  
til byggematerialet du har fått  
er blitt større og større etter kvart  
som ein lang dags timer har gått.

Men størst er nåden at det no, så seint,  
enno kan skje deg at du finn  
steinar til ditt livshus, og at du enno  
maktar å forma dei og føye dei inn.

Likevel strittar me mot å få livshuset vårt rive, bli utsletta, borte.

Det må vera ein stad det blir gjøymt  
det vi lever i lag,  
kvar stund vi har ledd og drøymt,  
kvar nykveikt dag  
kvar smil og kvar varleg hand,  
kvar time av trøyst.  
Ei rømd som har ævleg minne  
og gjømer di røyst.

Det er for stort, det vi har,  
til å siga ifrå oss.  
Ein stad må det setja seg fár  
og bia på oss,  
ein stad eg ikkje kan nemna  
og ikkje forstår,  
bakom dei slokna stjerner  
og falma år.

seier Sigmund Skard.

Ja, kva kjem eigentleg etterpå? Dette spørsmålet har mennesket grubla på til alle tider. Eit vanleg ord for tilstanden etter døden er omgrepet «evighet», det som ligg utanfor tid og rom, og som me difor berre kan tala om i biletet, fordi me eigentleg ikkje kan vita noko om det me ikkje har erfart, «eit uoppdaga land som ingen vandrar har vendt tilbake frå», som Hamlet seier.

Religionane, som alle trur det finst eit liv etter døden, kallar tilstanden himmel, Guds rike, paradis, shangrila, utslokking, samansmelting, den tilstand der alle sorger er sløkte, alt er fridom, fred, harmoni, overflod.

Vegen dit er svært ofte skildra som ei reise over elva, over fjorden, over havet. «Han fører deg frelst over fjorden, heilt fram til den himmelske strand. Når døden sin brotsjø du møter, vil Jesus dra båten i land», syng den kjende salmediktaren Trygve Bjerkreim, og i sin «Hymne til havet» seier Jakob Sande:

-----  
Du har synt meg dei ljose strender,  
Som ein gong gjennom blånar stig.  
Når den siste seilasen endar,  
Og når segla i kveldssol sig.

-----  
Og eingong når min livsdag hallar,  
Skal eg vente med song i sinn,  
Til i storsjø og storm du kallar  
Til din evige fred meg inn.

Me er alle om bord i denne seglasen mot evigheten og det ukjende.

(Rod Stewart: I am sailing)

bita